

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2024/6133-3

Saksbehandlar

Francesca Galdiolo

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2025/15	Forvaltningsutvalet	29.01.2025

Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad kommune 2025-2029 - forslag til høyring

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad 2025-2029, vert lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 29.01.2025:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteken.

VEDTAK:

Det vert vedteke at Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad 2025-2029, vert lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Vedlegg

- Forvaltningsplan for gås i Kvinnherad kommune 2025 - 2029
- NNI Rapport 689 Grågåas og kanadagås i Kvinnherad 2024 - Bestander og funksjonsområder

Samandrag/Saka gjeld:

Kommunen har utarbeidd ein forvaltningsplan for grågåas for å takle aukande problem av skader på fulldyrka areal.

Saksutgreiing:

Kommunen har dei siste åra motteke eit aukande tal hendingar med ynskje om skadefellingsløyve for grågåas. På ulike område, særleg i Ølve, Hatlestrand, Husnes og på Halsnøy, har det vore betydelege skadar på jordbruksareal i fleire år. Tiltak som har vore gjennomført for å skremme

gåsa, t.d. bruk av skremmeskot, rovfuglfigurar og andre forstyrningstiltak, har vist lite og kortvarig effekt.

Forvaltningsplanen for gås, saman med rapport 689, gjev kommunen, som ikkje har hatt ein likande plan tidlegare, eit godt verktøy for å kunne forvalte grågåsa på ein mykje betre måte. Landbruket på dei nemnde stadene er tidvis sterkt plaga av grågås som beitar på slåttareal, og det er dokumenterte avlingstap i tillegg til redusert graskvalitet, som fører til økonomiske konsekvensar for dei råka bøndene.

Planen sitt hovudmål er å finne ein balanse mellom livskraftig, lokal grågåsbestand og akseptabelt skadenivå i jordbruk.

Vedlagt ligg rapport om grågås og kanadagås i Kvinnherad og utkast til forvaltningsplan utarbeidd av Arnold Håland v/NNI.

Etter høyringsrunden skal planen omarbeidast og endeleg versjonen til forvaltningsplanen skal leggjast fram for handsaming i kommunestyret før den skal sendast til godkjenning hos Statsforvaltaren.

Når forvaltningsplan blir godkjent, vil administrasjonen rå til at kommunen søker om å utvide jakttida på grågås med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid (dvs. frå og med 21. juli til og med 9. august), og utviding av periode for sanking av grågåsegg, (dvs. utover 15. april.). Tiltaket skal følgjast av eit opplegg for tilbakemelding og evaluering.

Endring av jakttida med heimel i Naturmangfaldlova og Forskrifta om jakt- og fangsttider, blir gjort ved eiga forskrifta og det er Statsforvaltaren som skal vurdere om det er grunnlag for å endre jakttid og eggsanking perioden.

Økonomisk berekraft:

Finansieringa av forvaltningsplanen gjekk gjennom fonda Viltnemnda og Viltkartlegging. Det vil ikkje få konsekvensar for kommunen sin økonomi, investeringar eller drift i å få forvaltningsplanen for gås godkjent.

Miljø og klima berekraft:

Forvaltningsplan av gås kan påverke miljøet positivt ved å sikre ei berekraftig forvaltning, noko som kan bidra til å oppretthalde balansen i økosystemet. Ved å unngå at gåsebestanden blir for stor, kan vi redusere negative effektar som skade på vegetasjon og forstyrning av lokale økosystem.

Sosial berekraft:

Forvaltninga av gåsebestanden kan ha positive sosiale konsekvensar ved å støtte lokalt landbruk. Med kontrollert jakt og aktiv forvaltning kan vi unngå konflikhtar mellom folk og dyr, som kan oppstå når gås skader jordbruksareal eller beiteområde.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Samarbeid mellom kommunar, lokale bønder, miljøorganisasjonar og relevante faginstansar er avgjerande for å nå best mogleg resultat. Ei tverrfagleg tilnærming kan sikre ei meir balansert forvaltning som både tek omsyn til klima, miljø og sosial berekraft

I tillegg kan samarbeid med forskingsmiljø og naturforvaltarar auke kunnskapen om artsutbreiing, økologi og utviklinga av bestanden, noko som vil bidra til ei og meir effektiv betre forvaltning.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av alle opplysingar i saka vart det konkludert at forvaltningsplan for gås i Kvinnherad vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker og deretter lagt fram i kommunestyret for slutthandsaming.